



Karsten Pedersen Johnsen
Ingeskjeret 3 A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2249 - 17/20479

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
16.10.2017

Godkjenning - GBNR 9/140 - Løyve til samanføyning av bueiningar og fasadeendringar - Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 280/2017

Tiltakshavar: Karsten Pedersen Johnsen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Karsten Pedersen Johnsen og Marianne Iversen Lødemel har søkt om løyve til samanføyning av to bueiningar og fasadeendringar på gbnr. 9/140.

Eigedomen er matrikkelført med ein einebustad med hybel/sokkelleiligheit. Ingeskjeret 3A er registrert med eit bruksareal (BRA) på 152 m² og Ingeskjeret 3B er registrert med eit BRA på 70 m². Bygningen har dermed eit samla bruksareal (BRA) på 222 m². Eigedomen har eit areal på 825 m².

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 26.9.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Kommunen har ikkje motteke merknadar frå naboane.

Lov- og plangrunnlag:

Samanføyning av bueiningar er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav g). Det same er fasadeendringar, jf. bokstav c).

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Samanføring av bueiningar er søknadsppliktige etter pbl § 20-2, som kommunen vurderer at tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav e). Vi føreset at samanføringa ikkje inneber inngrep i berande konstruksjonar, då slike inngrep vil vere søknadsppliktige med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Vidare vurderer administrasjonen det slik at omsøkt fasadeendring ikkje inneber at bygningen sin karakter vert endra. Tiltaket er dermed unntatt frå søknadspplikt, jf. pbl § 20-5 bokstav f), og vil ikkje bli handsama.

I arealdelen til kommuneplanen er gbnr. 9/140 satt av til noverande bustadområde. Dette inneber at det omsøkte tiltaket er i samsvar med arealformålet.

Visuelle kvaliteter:

Kommunen finn at omsøkt samanføring stettar krava til utforming og funksjon, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 bokstav g) løyve til samanføring av to bueiningar på gbnr. 9/140. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Utforminga skal vere som vist på vedlagte teikningar, journalført motteke 26.9.2017. Det er ein føresetnad at samanføringa ikkje inneber inngrep i berande konstruksjonar.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn tre år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Teikningar

Mottakarar:

Karsten Pedersen Johnsen
Marianne Iversen Lødemel

Ingeskjeret 3 A 5918
Ingeskjeret 3 A 5918

FREKHAUG
FREKHAUG